

Utviklingsplan for Firda vidaregåande skule



August 2007

Innholdsliste

1	HISTORIKK	2
1.1	SKIPINGA.....	2
1.2	OPPLÆRINGSTILBOD.....	2
1.3	UTBYGGINGAR/SKULEBYGNINGAR.....	2
2	STATUS FOR VERKSEMDA I DAG	2
2.1	ELEVGRUNNLAGET (2006 - 2014)	2
2.2	TILBODSSTRUKTUREN (2007-2008)	3
2.3	TAL TILSETTE (PEDAGOGISK PERSONALE OG ANDRE TILSETTE).....	3
2.4	ØKONOMI	3
2.5	BYGG OG ANLEGG	3
2.5.1	<i>Eigne bygningar</i>	3
2.5.2	<i>Leigde lokale</i>	4
2.5.3	<i>Funksjonalitet</i>	4
2.5.4	<i>Vedlikehald</i>	4
2.6	UTSTYR	4
2.6.1	<i>Undervisning</i>	4
2.6.2	<i>Administrasjon/lærarar</i>	4
3	VISJON	4
3.1	OVERORDNA VERDIAR.....	4
3.2	OVERORDNA MÅL.....	5
4	PEDAGOGISK PLATTFORM	5
5	FOKUSOMRÅDE / HOVUDUTFORDRINGAR	5
6	HOVUDMÅL INNAN DEI 4 FOKUSOMRÅDA	5
7	TILTAK	5
8	NAUDSYNTE BYGNINGSMESSIGE OG UTSTYRSMESSIGE TILTAK	6
8.1	BYGNINGAR/AREAL - GENERELT	6
8.2	NYE AREAL I TRIVSELSHAGEN	6
8.3	OMBYGGING/OMDISPONERING AV AREAL I EKSISTERANDE BYGNINGAR.....	6
8.4	REHABILITERING AV FIRDAHALLEN	6
8.5	INNEKLIMA.....	6
8.6	UTSTYR.....	6
8.7	PERSONALRESSURSAR	6
9	PRIORITERINGSLISTE FOR KONKRETE TILTAK	7
9.1	PRIORITERINGSLISTE BYGNINGAR/AREAL.....	7
9.2	PRIORITERINGSLISTE UTSTYR	7
9.3	PRIORITERINGSLISTE PERSONALRESSURSAR.....	7

1 Historikk

1.1 Skipinga

Det var Firda ungdomslag, Firda Mållag og Sunnfjords ungdomslag som stod bak skipinga av Firda gymnas på Sandane i 1922, og skulen starta med ein klasse i leigde lokale i ungdomshuset Vonheim hausten same året.

1.2 Opplæringstilbod

Skulen starta med latinlinje og reallinje, engelsklinja kom til i 1931. Mellomskulen var slått saman med gymnaset i 1925, men vart i 1941 avløyst av den to-årige realskulen. Same året kom den første klassen i det fire-årige landsgymnaset i gang. Staten overtok gymnaset i 1946 og realskulen i 1947.

Skulen har opp gjennom åra arbeidd for å tilpasse undervisningstilbodet til samfunnsutvikling og krav i tida. I 1966 kom første klassen på økonomisk linje, og i 1970 starta eit eitt-årig økonomisk studentfagkurs. I 1972 fekk skulen samfunnsfaglinje og mot slutten av 70-åra kom nye tilbod; musikklinje frå 1978, idrettslinje frå 1979 og helse- og sosialfag frå 1980.

Med allmennfagtilbod også ved dei tre andre vidaregåande skulane i Nordfjord måtte allmennfagtilbodet ved Firda reduserast, og på 1990-talet starta ei gradvis nedbygging av klassetalet på allmennfag. På den andre sida har tilboda på dei andre studieretningane blitt utvida og skulen har fått nye tilbod etter år 2000: IKT driftsfag, studieretning for medium og kommunikasjon, og vidaregåande kurs både i drama og dans.

1.3 Utbyggingar/skulebygningar

I 1922 vart det skipa eit lutlag som skulle stå for bygging og drift av eige bygg for det nye gymnaset. I 1924 stod gymnasbygget ferdig til bruk. Bygget vart i 1933 overdrege til Gloppen kommune og frå 1946 overtok staten gymnasbygget med tilhøyrande grunn.

Det vart lagt planar for nybygg for realskulen som omfatta klasserom, spesialrom, lesesal, bibliotek og gymnastikksal med scene, men det vart gitt byggeløyve berre til eit første byggesteg med klasserom. "Realskule-bygget" stod ferdig i 1956. Behovet for gymnastikklokale for skulen vart ikkje tilfredsstillande løyst før i 1965 då Firdahallen stod ferdig med ein sal på om lag 900 kvadratmeter. Utbygginga var eit resultat av samarbeid mellom fylke og kommune, og det same var tilfelle då førebels siste byggesteg ved skulen stod ferdig i 1974 til ein kostnad på om lag 7 mill. kr. I den eine fløyen i dette bygget finn vi bl.a. aula, spesialrom og tilfluktsrom. Den andre fløyen inneheld personalrom, arbeidsplassar for lærarar, kontor og lokale for Gloppen folkebibliotek. Med dei nye opplæringstilboda som kom f.o.m. skuleåret 2000/2001 fekk skulen behov for betydeleg meir areal til undervisningslokale. Desse behova vil bli løyste i Trivselshagen, som etter planen skal stå ferdig hausten 2008 (skule/kulturdel) og hausten 2009 (idrettsdel).

2 Status for verksemda i dag

2.1 Elevgrunnlaget (2006 - 2014)

Firda vidaregåande skule rekrutterer elevar veldig breitt. Av eit elevtal på 361 pr. 01.09.06 kom 11.8 % frå Sogn, 20.5 % frå Sunnfjord og 67.6 % frå Nordfjord. Totalt 151 elevar eller 41.8 % kom frå Gloppen kommune. 50 elevar eller 13.5%, kom frå dei andre Nordfjordkommunane.

Ser vi på inntaka dei siste åra, har denne fordelinga halde seg, med litt aukande innslag frå Sunnfjord og litt minkande frå Nordfjord. På dette grunnlaget blir det lite føremålstenleg å sjå berre på fødselstal i Gloppen, eller for den del i Nordfjord, når det gjeld elevgrunnlag. Vi vil likevel slå fast at gjennomsnitts-talet for 16 åringar i Nordfjord vil halde seg på 415, og gjennomsnitts-talet for Gloppen på 85 i perioden fram til 2012, med eit par toppar og eit par bølgedalar.

2.2 Tilbudsstrukturen (2007-2008)

Studietilbod	Vg1	VG2	VKII
Studiespesialiserande/AF	1	1	1
IKT-driftsfag		1	
Helse- og sosialfag	1	1	1
Idrettsfag	1	1	1
Medium og kommunikasjon	1	1	1
Musikk, dans, drama	2		
Dans		½	½
Drama		½	½
Musikk		1	1

Skulen samarbeider med dei andre vidaregåande skulane i Nordfjord for å oppretthalde eit breitt fagtilbod innan allmennfaga.

2.3 Tal tilsette (pedagogisk personale og andre tilsette)

Skulen har 62 personar tilsette i lærarstillingar, 42 i heil stilling, 20 i delstillingar. 7 av lærarane hadde tilsetjing for skuleåret 2006-07. I tillegg kjøpte skulen kompetanse svarande til ca 183 % stilling hos Gloppen kommune. Skulen har 21 personar tilsett i andre funksjonar, medrekna dei 9 personane med Firdahallen som arbeidsplass.

2.4 Økonomi

Skulen hadde i 2006 eit budsjett på kr 35.208.000.

Når det gjeld personalressursar, er følgjande område spesielt problematiske:

Rådgjevar: Ressursen her har ikkje vore auka på 20 år. Skulen har pr. i dag ressurs svarande til ca 85 %, inklusivt ressursen til rådgjeving på nett. Det ville vere ønskjeleg med ei dobling.

IKT-ansvarleg: Skulen har 74% ressurs til IKT-ansvarleg. Dette har vore uendra sidan ressursen vart tildelt for fem år sidan. I mellomtida har skulen fått IKT-driftsfag og studieretning for medium og kommunikasjon med i alt tre nye datalabbar. I tillegg har det vore sterk vekst i tal PC-ar til lærarane. Ein auke i ressursen til min. 100% er difor nødvendig.

Miljøarbeidar: Skulen har i dag miljøarbeidar i ½ stilling. Det ville vere ønskjeleg med heil stilling.

Når det gjeld utstyr og inventar er problemet at utrekningsattsane er forelda; det gjeld både i høve til studieretningane og i høve til type utstyr. Ein ser også behov for at det blir lagt inn faste årlege beløp til fornying av klasseroms-inventar. Det vil dreie seg om ca. kr. 50.000 pr. rom.

2.5 Bygg og anlegg

2.5.1 Eigne bygningar

Bygning	Byggeår	Bto. areal
Gymnasbygg (gamlebygget)	1924	1502
Realskulebygg	1956	1375
Aulabygg	1974	1730
Administrasjonsbygg	1974	1389
Rektorbustad	1936	362
Firdahallen	1965	3748
SUM		10106

Det er planlagt å rive rektorbustaden etter at Trivselshagen og ombygginga av eksisterande bygningar er ferdig.

2.5.2 Leigde lokale

Skulen leiger i dag sal og garderobar i STIL-stova (klubbhuset ved idrettsplassen) til undervisning i dans og rørsleforming i utdanningsprogram/studieretning for musikk, dans, drama. Desse lokala er skulen heilt avhengig av fram til Trivselshagen står ferdig.

2.5.3 Funksjonalitet

I dag har skulen stort sett tradisjonelle "klasserom" og spesialrom. Det er nødvendig å føreta ein del bygningsmessige endringar for å tilpasse romma til moderne undervisningsmåtar. Det meste av dette vil kome på plass ved bygging av Trivselshagen og påfølgjande rehabilitering/ombygging av noverande bygningar.

2.5.4 Vedlikehald

Vedlikehaldet av bygningane på skulen har vore godt. Spesielt vil skulen gje honnør til Bygge- og eigedomstenesta for arbeidet dei har lagt i å vedlikehaldet Gymnasbygget på ein måte som ivaretek det særpreg dette verneverdige bygget har. Det blir no arbeidt med ein plan for total rehabilitering av eksisterande bygg etter at bygginga av Trivselshagen er fullført.

Firdahallen: Ein del av rehabiliteringa av Firdahallen, der det meste av arbeidet vart utført i 2005, er enno ikkje utført. Dette gjeld i hovudsak heis og symjeanlegg m/garderobar. Dette vil verte utført i samband med Trivselshage-utbygginga. I langtidsplan for byggvedlikehald i fylkeskommunen perioden 2005-2014 er det sett av 90.000 kr. i løpande vedlikehald pr. år. I tillegg 350.000 til utskifting i 2008.

2.6 Utstyr

2.6.1 Undervisning

Skulen har etter kvart betydelege verdiar av teknologisk utstyr t.d. innan IKT, musikk, medium og kommunikasjon og videokonferanseutstyr. Det meste av dette har relativt kort levetid og det er stort behov årleg fornying av dette utstyret. For vår skule vil dette utgjere omlag 0,5 mill. pr. år. I dag ligg vi langt under dette i utstyrløyvingar.

2.6.2 Administrasjon/lærarar

Skulen har prioritert høgt datatilgang for lærarane og i dag har alle eigen arbeidsstasjon på arbeidsplassen. Ved Firda har vi i stor grad nytta oss av "tynne klientar". Vår erfaring er at desse vert rimelegare både i innkjøp og i drift. Ein del lærarar har likevel trong for programvare som ikkje kan køyrast på tynne klientar, desse har PC eller berbar maskin. Dette gjeld t.d. lærarar innan IKT, musikk og medium og kommunikasjon. Vi har trong for fleire berbare maskiner til utlån.

3 Visjon

Firda har lange tradisjonar med vekt på skulen som sosial og kulturell møteplass – ved sida av ein ambisiøs fagleg profil. Skulens framtid må bygge vidare på det fundamentet som er skapt gjennom mange år, men samtidig vere open for nytenking, både fagleg og pedagogisk. I utviklinga av skulen må det byggast på ei vid forståing av læring, og av skulen som ein sentral dannelsingsinstitusjon:

Firda – meir enn ein skule

3.1 Overordna verdiar

I utviklinga av skulen som lærande organisasjon og dannelsingsarena skal Firda bygge på fem sentrale verdiar:

- Mangfald som ressurs
- Dialog
- Tillit
- Handlefridom
- Ansvar

3.2 Overordna mål

- Skulen skal vere ein god og utfordrande arbeidsplass for elevar og tilsette
- Læringsmiljøet skal stimulere til læring og utvikling av kunnskapar, ansvarskjenne, samarbeidsevne, sjølvstende og kreativitet
- Firda skal vere eit kunnskaps- og kultursenter for lokalsamfunn, region og fylke
- Firda skal vere ein sentral aktør i det lokale næringslivet.

4 Pedagogisk plattform

Det pedagogiske arbeidet skal vere tufta på dei fem kjerneverdiane: mangfald, dialog, tillit, fridom, ansvar. Desse verdiane skal vere tydelege i alt praktisk arbeid – frå planlegging til vurdering.

5 Fokusområde / Hovudutfordringar

Skulen vil løpande møte utfordringar og oppgåver som må løyast, anten dei er heimla i ulike styringsdokument eller resultatet av faktisk utvikling i skule og samfunn. Døme på slike arbeidsfelt er trivsel og tryggleik, desentralisert opplæring og internasjonalisering. Det er likevel slik at ein skule må ha nokre prioriterte arbeidsfelt som elevar og tilsette står saman om å løyse. Firdas fire hovudutfordringar er no:

1. Tilpassa opplæring
2. Motivasjon og elevmedverknad
3. Digital kompetanse
4. Utovervende aktivitetar

6 Hovudmål innan dei 4 fokusområda

Mål 1: Gje betre tilpassa opplæring for alle innan ramma av fellesskapet

Mål 2: Styrke medinnverknad og motivasjon på alle nivå i organisasjonen

Mål 3: Utvikle god digital kompetanse hos elevar og lærarar

Mål 4: Styrke nettverksarbeid og samarbeid med andre institusjonar og organisasjonar, lokalt og regionalt.

7 Tiltak

- a. Sikre etterutdanning i faglege og pedagogiske emne / dugleikar – med vekt på utvikling av varierte arbeidsmåtar.
- b. Skape pedagogisk møteplassar, for refleksjon og fornying
- c. Utvikle vidare samarbeidet med grunnskulen, med sikte på eit velfungerande og samanhengande 13-årig skuleløp
- d. Skulering av det pedagogiske personalet i læringsstrategiar og i kartlegging av elevanes læreføresetnader
- e. Det vert utvikla ein mal for elevsamtalene med obligatoriske innhaldsmoment.
- f. Det vert lagt til rette for fleksible timeplan-løysingar
- g. Det vert lagt til rette for klasseteam / tverrfagleg samarbeid innan nokre av programområda, med delegert mynde til planlegging og gjennomføring av opplæringa
- h. Opplæring av elevar og lærarar i pedagogisk bruk av Classfronter
- i. Skuleåret 2007 – 2008 skal alle planar og alt tekstleg heimearbeid i vg1 formidlast via Classfronter. På dei andre årsstega skal flest muleg klasser gjennomføre det same.
- j. Etablere fleire faglege og pedagogiske møteplassar og nettverk.
- k. Etablere fleire møteplassar og nettverk knytte til kultur og næring.

1. Kwart programområde skal utvikle ein visjon for sitt område, bygt på ei drøfting av kva elevar og lærarar vil med programområdet / skulen.

8 Naudsynte bygningsmessige og utstyrmessige tiltak

8.1 Bygningar/areal - generelt

Skulebygningane er bygde med undervisningsrom tilpassa tradisjonell klasseromsundervisning. Realisering av Kunnskapsløftet og fleire av tiltaka i denne planen krev ombygging til fleksible romløysingar, tilpassa nye arbeidsmåtar og nye måtar å organisere opplæringa på – avdelingsvis organisering av opplæringa (studieplassar/grupperom/studieverkstad) med arbeidseiningar for kvar studieretning og lærarane organisert i lærarteam. Det arealet på ca. 900 m² som er avsett til bibliotek/informasjonslandskap/studieverkstad i den planlagde Trivselshagen ser vi på som eit nav for heile opplæringsarbeidet vårt.

8.2 Nye areal i Trivselshagen

Skulen har eit sterkt behov for auka areal på fleire område. Det meste av behovet vert dekkja innan den planlagde Trivselshagen (dette arealet må sjåast i samanheng med ombygging/omdisponering av eksisterande areal). Arealbehov som vert dekkja i Trivselshagen: Idrettsfag/kroppsoving (lærararbeidsplassar, undervisningsrom, turnsal, treningssenter, lager), dans og drama (lærararbeidsplassar, undervisningsrom, drama- og dansesalar), medium og kommunikasjon (lærararbeidsplassar, undervisningsrom), resepsjon og kontor for kontorphersonale og leing, og i tillegg til dette bibliotek/informasjonslandskap og studieverkstad.

8.3 Ombygging/omdisponering av areal i eksisterande bygningar

Når Trivselshagen er ferdig til skulestart 2008 må ein straks starte arbeidet med rehabilitering og ombygging av eksisterande areal. Dette gjeld først og fremst noverande bibliotekareal, men også ein del arbeid i Realskulebygg, Gymnasbygg og Aulabygg. Ventilasjonsanlegg i Gymnasbygget må vere med i denne rehabiliteringa. Det er ikkje utarbeidd nokon kalkyle på ombygging/rehabiliterings-arbeidet, men det er avsett 2,2 mill. til det i 2008. Planleggingsarbeidet for ei total rehabilitering av eksisterande bygningar / areal har begynt.

8.4 Rehabilitering av Firdahallen

Det meste av arbeidet med rehabilitering av Firdahallen er gjennomført. Det som gjenstår er heis og symjeanlegg med tilhøyrande garderober. Dette vil verte gjennomført i samband med bygginga av Trivselshagen.

8.5 Inneklima

Både gymnasbygget og rektorbustaden manglar mekanisk ventilasjon, og målingar viser uforsvarleg dårleg inneklima i begge desse bygga. Dette er påpeika ved fleire høve av det lokale arbeidsmiljøutvalet og fylkeshovudverneombodet, og kravet om betre inneklima her må følgjast opp med ventilasjonsanlegg. Dette må verte realisert ved ombygging/rehabilitering av eksisterande bygningar.

8.6 Utstyr

Når det gjeld utstyr er dette omtala i pkt. 2.4 og 2.6. Det er heilt klart at dei satsane som vert brukte i dag er forelda både når det gjeld innkjøp av nytt utstyr og fornying av det eksisterande. Ny organisering av undervisninga og omlegging til nye undervisningsmåtar krev omfattande investeringar i m.a. IKT-utstyr både til elevar og lærarar. Ein kraftig auke i løyvingar på dette området er nødvendig for å nå måla som er sette i kap. 6.

8.7 Personalressursar

Malen for plandokumentet inviterer ikkje til å ta med tiltak på personalsida i dette kapitlet. Ut frå statuskapitlet finn vi det likevel naturleg å ha det med som eit underpunkt. Det skulle gå fram av statuskapitlet og punkta under mål og strategiar at det er eit sterkt behov for styrking av personalressursane når det gjeld systemansvar IKT, rådgjeving og miljøarbeid.

9 Prioritering av konkrete tiltak

Når det gjeld prioritering av konkrete tiltak finn vi det vanskeleg å vurdere bygningar/areal opp mot utstyr og personalressursar. Vi har difor valt å dele dette opp.

9.1 Prioriteringar bygningar/areal

Av dei bygningsmessige endringane som er nemnt i kapittel 8 er det nokon som er enkle, rimelege og kan gjennomførast straks, medan andre krev meir av både planlegging og kostnader. Dei enkle og rimelege endringane gjeld t.d. lydisolering i realskulebygg og nytt rom med dataarbeidsplassar for elevar i realskulebygg, alt i samsvar med skisse frå Nordplan. Desse tiltaka har låg kostnad og kan utførast straks og er ikkje med i prioriteringslista nedanfor.

Det klart viktigaste tiltaket for Firda er bygginga av Trivselshagen, noko som i stor grad vil løyse rombehov og lette omlegginga til nye arbeidsmåtar. Når det gjeld rehabilitering av Firdahallen er ein vesentleg del av løyvinga alt gjort og planarbeidet er i gang.

For prioriteringar viser vi elles til plan for rehabilitering, utarbeidd av Norplan, juni 2007.

9.2 Prioriteringsliste utstyr

På grunn av nye undervisningstilbod som t.d. IKT og medium og kommunikasjon har det dei siste åra vore gjort store investeringar i IKT-utstyr, kamera, videoutstyr og programvare. For å gjennomføre dei nye læreplanane i R-06 med krav om auka digital kompetanse i alle fag, blir det ein føresetnad at skulen har tilgjengeleg og oppdatert IKT-utstyr, og dette arbeidet vil bli sett opp som prioriterte felt også komande år. Vi har framleis stort behov for innkjøp og oppdatering av digitalt utstyr.

Prioriteringsliste nytt utstyr/vedlikehald av utstyr:

1. Innkjøp MK – digitalt kamera, lydopptakarutstyr, HDV-videokamera (tils. Kr 90 000)
2. Vedlikehald/utskifting av datautstyr/programvare (ca. kr. 500.000 pr. år).
3. Restaurering/vedlikehald av alle piano (ca. kr. 35.000)
4. Utskifting av pultar, stolar og inventar i undervisningsrom (ca. kr. 60.000 pr. år).

9.3 Prioriteringsliste personalressursar

I punkt **2.4 Økonomi** er omtala auka personalressursar på nokre område der vi føler behovet er stort. Det er vanskeleg å prioritere desse i forhold til kvarande, så vi nemner berre dei stillingane det gjeld:

- IT-ansvarleg (auke frå 75% til 100%)
- rådgjevar (ønskjeleg med dobling av ressursen)
- miljøarbeidar (auke frå 50% til 100%)